

ETTERTANKE OG BØN

15. SEPTEMBER 2019

Då Paulus var i Korint på si andre misjonsreise, må han ha kjent seg redd. Ikkje så rart eigentleg. Uansett kor han dukka opp, vart folk kjempesinna og begynte å forfølgja han. Nervene var tynnslitne. Då er det at Gud sjølv kjem til han i ein draum, og me les i Apostelgjerningane 18,9-10:

« Ei natt sa Herren til Paulus i eit syn: «Ver ikkje redd! Du skal ikkje teia, men tala! 10 Eg er med deg, og ingen skal røra deg eller gjera deg noko vondt, for eg har mykje folk i denne byen.»

Desse orda frå Gud må ha lækt hjarta hans og sett mot i han. Han vart verande i byen i eitt og eit halvt år, og resultatet vart ein svært oppegåande og karismatisk kyrkjelyd. Ikkje A4 på noko vis, kyrkjelyden gav apostelen mange suter, men han elskar denne gjengen som ei mor sine barn.

Gud veit kva du er redd for. Og han seier til deg: «Ver ikkje redd for å tala om meg, for eg er med deg og passar på deg.» Jesus seier akkurat det same i Misjonsbefalinga, så dette skal me ikkje tvila på. Me vitnar om Jesus, fostrar disiplar og byggjer kyrkjelyd, det er vårt kall, og visst kan me vera redde, men me skal ikkje la redsla styra oss, det skal berre Jesus.

Martyrkyrkja

INDONESIA: Press frå naboar forårsaka kyrkjestenging

Religionsfridomen er i Indonesia er skjør. Søndag 25. august vart Pinsekyrkja i provinsen Riau stengt etter protestar frå naboar

Kyrkjelyden har hatt møter i bygninga sidane 2014, og pastoren og familien hans bur i det same huset.

Politiet syner til ei lov frå 2006 for å rettferdiggjera stenginga. I denne lova, som er laga for å setja kjeppar i hjula for dei kristne, blir det kravd at ingen kan bruka eit hus til religiøse føremål utan at lokalsamfunnet gjev samtykke til det.

Då politiet kom, protesterte pastor Damianus Sinaga (bilete) og sa at flokken berre bad til Gud, og kyrkjelyden etterlyste politiet sitt rettsgrunnlag for å nekta dei å koma saman for å be. Men politiet brydde seg ikkje om det, løyste opp møtet og stengde kyrkja med tanke på framtidige møter



Photo: Twitter / SammiSoh

Far i himmelen! Men ber i Jesu namn for Pastor Damianus, familien hans og kyrkja hans, at dei skal takla utfordringane som dei står i, at dei som no lagar vanskar for dei skal erfara din kjærleik gjennom dei kristne, og me ber om at det skal etablerast lover i dette landet som garanterer reell religionsfridom for folket.

I Indonesia har det historisk sett vore mange og djuptgående vekkingar, og i dette veldige landet med 250 millionar menneske er 16% kristne.

Pakistan. Nyheten under kom nyleg inn frå Stefanusalliansen



Torturert til døde for å presse fram falsk tilståelse

Politiet i Lahore torturerte Amir Masih (28) over flere dager for å presse ham til å tilstå et tyveri.

Amirs bror Sunny forteller at politiet arresterte Amir ulovlig den 28. august etter falske anklager om tyveri. De torturerte ham i fire dager før han døde på sykehus 2. september. Sunny forteller at politiet urinerte på ham og hånet hans kristne tro mens de prøvde å tvinge fram en tilståelse.

Familien prøvde forgjeves å få tak i politimannen som hadde arrestert Amir. Først 2. september fikk familien telefon om at han var dårlig og måtte på sykehus. Amir kom på sykehus i all hast, men han døde av skadene samme dag.

Amirs arbeidsgiver hadde anmeldt et tyveri noen dager tidligere. Hans muslimske kolleger var blitt avhørt, men alle ble løslatt. Broren Sunny sier at Amir ble utsatt for grov tortur fordi han var en fattig kristen, og politiet trodde de kunne tvinge fram en falsk tilståelse fra ham.

Amir Masih etterlater seg kone og to sønner, en på 7 år og en nyfødt baby.

Nyhetene om drapet har skapt stort sinne i pakistanske medier og på sosiale medier. Seks politimenn er anmeldt, men bare to av dem er arrestert. To høystående politioffiserer er fortsatt ikke anmeldt. Punjabs minister for minoriteter og menneskerettigheter jobber for å få rettferdighet for Amirs familie. Det samme gjør Shunila Ruth, medlem av Pakistans nasjonalforsamling. Hun ønsker å ta opp denne saken i nasjonalforsamlingen. Shunila Ruth, som selv er kristen, støtter Sunny Masihs utsagn om at Amir ble utsatt for tortur på grunn av sin tro.

- ***Be for enken etter Amir Masih, de to barna og den øvrige familien. Tap av forsørge er ein katastrofe i dette landet der det ikkje eksisterer sosiale ordningar, og der kristne har få rettar.***
- ***Be om at gjerningsmennene og andre ansvarlige skal stilles til ansvar***
- ***Be om at innsatsen som gjøres for å få rettferdighet for familien, skal føre fram***
- ***Be om denne saken kan føre til at kristnes situasjon i Pakistan blir løftet frem på nasjonalt nivå***
- ***Be om beskyttelse for pakistanske kristne, som stadig er utsatt for overgrep***

(Illustrasjonsfoto: kirke i Lahore. Flickr/Leeno)

Med vennlig hilsen
Øystein Rauan
Leder av forbønnstjenesten

Pakistan er så desidert eitt av landa i verda der kristne lever farlegast. Det kviler eit knugande åndeleg mørker over dette landet, og valdsnivået er høgt. Våre trussøsken treng verkeleg at me ber for dei.

Dagens unådde: Naikda i India



Naikda tel 3,9 millionar menneske. Alle er hinduar. Nokre kjenner Jesus. Dei er blant dei kastelause i India, og jobbar som bønder (leilendingar) og skogsarbeidrarar. Naikdafolket snakkar eit språk som heiter Kannada. Bibelen er tilgjengeleg på dette språket.

Naikda bur for det meste i delstaten Karnataka i Sør-India, den fattigaste delstaten i denne delen av landet.

Kjære Herre Jesus! Me ber for dei kristne i naikdafolket at dei skal finna saman i sterke åndelege fellesskap, at dei skal disippelgjera kvarandre, at det skal

veksa fram leiarar mellom dei som elskar deg, sine kristne søsken, ordet ditt og andre folk. Me ber for dei at dei skal bli fylte av Den Heilage Ande og utrusta med dei nådegåvane som dei treng for at kyrkja skal veksa og bli bygd på rett måte. Må du løfta naikdafolket ut av forneding og fattigdom. Hjelp dei å forstå at dei er elskta av deg, at dei kan løfta hovudet og i god forstand vera stolte menneske. Gje dei ein trøng etter å læra seg å lesa og skriva, slik at dei kan studera ordet ditt og hausta fruktene av eit slikt studium. Amen!

